

# Dialogmøte mellom HF-fakultetet og Institutt for framandspråk (IF) 2022

**Dato:** 7. april 2022.

**Til stades:** visedekan Svein Ivar Angell (HF, første del av møtet), dekan Camilla Brautaset (HF), prodekan Ole Hjortland (HF), fakultetsdirektør Kim-Ove Hommen (HF), tidlegare instituttleiar Kevin McCafferty (IF), forskingskoordinator Laura Saetveit Miles (IF), studieleiar Hanne Svanholm Misje (IF), seksjonssjef Kirsten Moen (HF), undervisningskoordinator Benedicte Mosby Irgens (IF), assisterande fakultetsdirektør Susanne Ostendorf (HF), instituttleiar Martin Paulsen (IF), seksjonssjef Inger Marie Hatløy (HF) og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug (IF).

## Utdanning

Irgens orienterte om arbeidet ved instituttet. Rapportering er viktig, m.a. fordi arbeidet vårt med utdanning skal vera gjennomsiiktig. Femårsrapportar og årlege rapportar er bra, men treng vi verkeleg treårsrapportane i tillegg? Som undervisningskoordinator har ho innført vekefaste lunsj- invitasjonar for å prata med folk. Når det gjeld faga, trekte ho fram at engelskfaget har gjennomført eit Redesign-prosjekt, som skal implementerast frå hausten av. Arabiskfaget skal etter planen inn i ein Redesign-prosess. Kinesisk har nettopp feira sitt nye masterprogram, og søknad om master i japansk er meldt inn.

Misje viste til at instituttet har vore gjennom eit par krevjande korona-år, der det har vore mykje att og fram og mange praktiske utfordringar. Dei to pandemi-åra kan ha slått negativt ut for studentane. Instituttet har nokre fellestiltak som ein prøver å gjennomføra: tverrfagleg skriveseminar for alle bachelorstudentane, digital arbeidslivsdag o.a. Skriveseminaret for masterstudentar vart ikkje gjennomført i 2021.

Brautaset spurde om pandemien har styrka tendensen til manglande undervisningsoppmøte, og viste samstundes til at enkelte fag har godt oppmøte. Irgens peikte på at faga er svært ulike, nokre har obligatorisk oppmøte og oppfølginga av studentane er dessutan ulik. Angell viste til at enkelte fryktar studentfråfall etter epidemien, og vi vil få inn ferske studentar framover som ikkje har røymsle med eksamen frå vidaregåande skule. Irgens meinte det var både føremoner og ulemper med digital undervisning, og no må vi ta med oss føremonene inn i ein situasjon der fysisk undervisning igjen er regelen. Angell rosa rapporteringa frå IF på undervisningssida.

Misje viste til at instituttet har gode og engasjerte studentrepresentantar i alle råd og utval. IF har òg eigne frukostmøte med studentrepresentantane. Sjølve ordninga ved val av studentrepresentantar fungerer likevel ikkje, og instituttet må headhunta. Nokre fag har aktive fagutval, andre ikkje. Paulsen streka under at det er viktig å ha studentane med i prosessane våre; det har ein eigenverdi for studentane at dei kjem ut som betre samfunnsborgarar, og det har stor verdi for fagmiljøa våre å bli utfordra av stadig nye studentkull.

Misje meinte mentorordninga hadde fungert betre i 2021 enn i 2020, m.a. vart fagmiljøa kopla betre på ordninga. Det har vore litt utfordrande at studentane ikkje alltid har fått mentorar frå sitt eige studieprogram. Instituttet ønskjer tettare kopling mellom mentorar og fagutval. Angell ønskte å styrka og gjera synleg den faglege relevansen av mentorordninga. Kanskje bør det vera tettare band mellom mentorordninga og ordninga med undervisningsassistentar.

Når det gjeld lektorutdanninga, viste Misje til at lektorstudentane er høgt verdsette av dei vitskapleg tilsette, og dei er flinke studentar. Lektorstudentane har på den andre sida mindre skrivetrening enn dei vanlege studentane på masternivået. Det er ikkje alltid så lett å integrera dei to ulike studentgruppene her. Det er bra at det er i gang ein redesign-prosess for lektorutdanninga.

Angell viste til at det er varierende gjennomstrøyming på programma våre. Tala er ikkje veldig gode, sjølv om litt kan handla om den spesielle situasjonen i korona-tida. Instituttet prøver å skipa til ulike skrivetiltak for studentane, men det monnar lite på resultatsida. Fakultetsnivået bør jobba med målretta tiltak på dette feltet, meinte Misje. Vi treng alle studentar og studiepoeng vi kan få, men korleis får vi gjennom dei studentane vi har teke opp, og korleis vert kvaliteten på utdanninga? Er det gitt at overbookingsmodellen er den beste, spurde Irgens. Brautaset roste instituttet for ein særers velskriven rapport på undervisningssida, og ein rapport som samstundes er ærleg. Ho viste til at utfordringane er ulike på dei ulike faga, og peikte på at alle faga meiner dei har for lite ressursar, samstundes som instituttet har ekspansive planar for programtilbodet. Irgens viste til at dei enkelte faga har heilt ulike historier, og nedbemanna og oppbemanna fag opplever røyndomen svært ulikt. Det er veldig bra at studiepoengproduksjonen ved instituttet er stigande, streka Brautaset under, samstundes er studiepoengproduksjonen til IF-studentane framleis svært låg. Gjennomføringa på masternivå er alarmerande dårleg, påpeikte ho, og spurde om oppfølginga av masterstudentane er god nok. Misje viste til at den innrapporterte statistikken tek utgangspunkt i stoda under korona-perioden, men instituttet har uansett ei kjempeutfordring med å få masterstudentar til å fullføra på normert tid. Instituttet ønskjer å følgja opp dette.

Paulsen orienterte om initiativet frå UiB sentralt om å få i gang eit engelskkurs for ukrainske flyktningar frå våren av og fram til studiestart hausten 2022. Brautaset viste til at det òg har kome signal om ekstra studieplassar for ukrainske flyktningar. Kostnadene for slike tiltak må berast sentralt ved UiB.

Vidare orienterte Paulsen om at fagmiljøet på russisk ønskjer å tilby studieemne knytt til Ukraina, eitt om samfunn og kultur og eitt om språksituasjonen. Det norske samfunnet har eit kompetansebehov, og russiskfaget stiller seg til teneste her. Instituttet ønskjer ein dialog med fakultetet om dette: Ønskjer fakultetet at IF skal gå vidare med å utvikla og tilby eit slikt kurstilbod? Fakultetet ønskjer ei meir konkret skisse frå IF, slik at spørsmålet kan drøftast over påske. I første rekkje tenkjer instituttet seg ei forelesingsrekke hausten 2022, og to konkrete emne våren 2023.

Paulsen orienterte om initiativet frå Universitetet i Tromsø om å søkja om eit SFU (Senter for framifrå undervisning), der Tromsø ønskjer å involvera russiskfaget ved UiB. Tromsø ønskjer å bruka gjesteforelesingar frå tilsette ved IF i dette tilbodet, samstundes som IF-studentar kan følgja kurstilbodet ved eit slikt SFU. Moen etterlyste meir informasjon om kva instituttet skal tilby konkret, og kva det er å henta for oss ved UiB frå eit slikt samarbeid.

## **Forsking**

Paulsen orienterte om strategiarbeidet ved instituttet. Det næraste året må instituttet gjennomføra ein god strategiprosess, som vi vil knyta opp mot strategiprosessane ved UiB sentralt og på fakultetet. Spørsmålet om strategiarbeid vart drøfta i instituttrådet 6.4. Det er viktig at strategi ikkje er eit dokument som vert liggjande i ei skuff, men at det er ei felles forståing, understreka Paulsen.

McCafferty orienterte om forskinga ved instituttet. Rolla som forskingskoordinator har hatt tre ulike overordna oppgåver: personal, kontroll og søknadsprosessar. Instituttet har tenkt å utvikla eit årshjul som informerer om viktige sider av forskingsfeltet. Her vil ein m.a. leggja inn informasjonsmøte for ulike grupper av tilsette. Miles presenterte eit initiativ til å følgja opp forskarane våre betre og laga eit system for dette. Forskargruppene ved instituttet kan òg bli meir synlege og læra av kvarandre. K

Moen minna om at Elisabeth Hausvik kan inviterast med på i møte og trekkjast inn i prosessar på forskingssida ved instituttet.

McCafferty orienterte om forskargruppene ved IF. På nettet er det lista opp tretten slike grupper, men ikkje alle desse gruppene er aktive. Men det kjem òg nye grupper, og nokre grupper er meir prosjektbaserte, som t.d. gruppa rundt Fløttum og LINGCLIM og Multilingualism on My Mind (Haukås m.fl.). Eksisterande fagmiljø kan òg utgjera forskargrupper.

IF har for tida fire forskingsprosjekt med eksternfinansiering, tre er finansierte av NFR og eitt av TMS. Instituttet har i 2022 mange nye søknader forskingsprosjekt: elleve søknader til NFR, i tillegg til to søknader som er sende inn til ERC. Publiseringstala ved instituttet har svinga litt frå år til år.

Instituttet gjev forskarane støtte til publiseringsrelaterte utgifter og insentivmidlar til dei som har produsert publikasjonspoeng (dette siste ligg ikkje inne i budsjettet i 2022). Dessutan brukar IF informasjonsmøte til å oppdatera medarbeidarane på feltet. Individuelle forskingsplanar kan òg vera eit godt hjelpemiddel. Enkelte fagmiljø, slik som spanskseksjonen, har hatt markering og feiring av boklanseringar. Instituttet har dessutan engasjert interne og eksterne lesarar til å gje tilbakemeldingar til søkjarar på prosjekta deira. Kanskje skal instituttet òg utvikla eit internt mentorprogram for forskarar som skal søkja om prosjekt. Instituttet opplever ikkje minst at tidsbruken med ulike tilsetjingar på prosjektet svært krevjande.

### **Forskarutdanning**

McCafferty orienterte om arbeidet med å hjelpa ph.d.-kandidatar gjennom løpet, og Miles viste til at instituttet er spent på det nye karriereutviklingscenteret ved UiB.

IF har nyleg lyst ut fem opne stipendiatstillingar, og Hjortland lurte på korleis IF distribuerer stipendiatstillingane. Uthaug viste til at i tillegg til opne utlysingar, har instituttet òg aktivt brukt stipendiatstillingar strategisk i prosjektsøknader – dette gjeld både søknader som ikkje har nådd opp, og søknader som har resultert i prosjekt (som Modernism and Christianity og CanCode).

### **Administrasjon**

Uthaug orienterte om stillingssituasjonen i administrasjonen ved instituttet, som våren 2021 har vore prega av permisjonar og vikarordningar. Dette har gitt mindre stabilitet enn ønskjeleg, men det har òg vore lagt ned ein stor og god innsats. Instituttet har for lite bemanning på forskings- og forskarutdanningssida, meinte Uthaug. Instituttet har berre ei halv stilling til dette, og denne ressursen går stort sett med til forskarutdanninga.

Hjortland meinte at vi ved fakultetet ikkje er gode nok på administrativ støtte til prosjekt. Han vona dessutan fakultetet kan ta eit initiativ til å gå gjennom tilsetjingsprosessane. Hjortland spurde om instituttet ønskjer at forskingsadministrativ støtte skal prioriterast framfor ei vitskapleg stilling. Hommen meinte ei eventuell prioritering av forskingsadministrasjon sannsynlegvis må henta inn ressursar som i dag blir brukt til studieadministrasjon. Fakultetet vil starta ein prosess til hausten for å sjå på administrasjonen ved fakultet og institutt meir heilskapleg. Brautaset meinte institutta lokalt har prioritert å halda oppe studieadministrasjonen og prioritert ned forskingsadministrasjon. Dette handlar om ressursar, men òg om å bruka dei ressursane ein faktisk har, på ein endå betre måte, påpeikte Brautaset. Det bør identifiserast betre kva for forskingsadministrativ støtte som trengst, og instituttet er gjerne med på å identifisera og konkretisera behovet.

*Referent:  
Arve Kjell Uthaug*